



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 07.10.2019
Tidspunkt: 14:00 16:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Bright Olav Gåsdal	Leiar	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H
Øystein Foss	Medlem	BL

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Gisle Gardar Øye	Vibeke Bohre Våge	H
Roy Ove Eikedal	Øystein Foss	SP

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Ingrid Kalsnes	Senior Consultant, Deloitte
Annbjörg Ryssdal	Consultant, Deloitte
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Bright Olav Gåsdal
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 35/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 36/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 37/19	Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - statusmelding ved Deloitte		2019/9
PS 38/19	Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Bestilling av prosjektplan		2015/131
PS 39/19	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Bestilling av prosjektplan		2015/65
PS 40/19	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden		2015/91
PS 41/19	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 42/19	Konkurransetsetjing av revisjonstenester for Samnanger kommune - forslag til konkurransegrunnlag		2014/238
PS 43/19	Referatsaker		
RS 10/19	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 11/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon september 2019		2019/13
PS 44/19	Eventuelt		

PS 35/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 36/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte 02.09.2019.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 02.09.2019 vart samrøystes godkjent.

PS 37/19 Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - statusmelding ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Deloitte orienterte om status så langt i forvaltningsrevisjonen og var mellom anna innom årsakene til at denne er forseinka.

Om alt går etter planen vil kontrollutvalet få rapporten til handsaming i møtet 02.12.2019. Frist for oversending til sekretariatet er tre veker før, 11.11.2019. Deloitte må melda i frå til sekretariatet dersom ein ikkje kan levera som planlagt.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 38/19 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 11.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Samnanger kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2020.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orientert kort om saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 11.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Samnanger kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggest fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggest fram for kommunestyret i juni 2020.

PS 39/19 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innen 11.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Samnanger kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggest fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggest fram for kommunestyret i juni 2020.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte kort om saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innen 11.11.2019, laga eit forslag til prosjektplan, som bl.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatta:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering av Samnanger kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggest fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i nytt utval.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for eigarskapskontroll kan leggest fram for kommunestyret i juni 2020.

PS 40/19 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden

Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Samnanger kommune i valperioden 2015 – 2019 vert å leggja fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet, revisor og sekretariat evaluerte arbeidet for valperioden. Rådmannen hadde gitt sine tilbakemeldingar på epost før møtet.

Dette vart notert:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Rådmannen synes at møta har vore effektive og at tida har vore brukt på gode diskusjonar når det har vore nødvendig. KUV meiner og at dei vert gjennomførte på ein effektiv måte. Kva kan gjerast betre: Leiar kan be om hjelp frå nestleiar om å avvikle møtet. Det er og eit ønskje om lettare språk i saksframlegget.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Alle er samde om at talet på møte er tilstrekkeleg.
3	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Det er einigheit om at kontrollutvalet klarer å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte.
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	I starten av perioden var det utfordrande å få tilstrekkeleg med økonomiske midlar til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte. Dei to siste åra har leiar av KUV skreve notat til KS om viktigheita av at KUV har tilstrekkelege økonomiske rammer.
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Rådmannen meiner at KUV blir oppfatta som eit truverdig, viktig og godt verktøy av administrasjonen. KUV trur at dei vert sett på som eit viktig politisk organ.
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Rådmannen meiner at administrasjonen har forståing for dette. KUV meiner at det ikkje ved alle høve frå kommunestyret si side har vore forståing for kva roller og ansvar kontrollutvalet har.
7	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Rådmannen meiner at det er det. KUV meiner at det har beta seg, men at det endå kan bli betre.
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	Rådmannen seier at KUV kanskje ikkje er så synleg. KUV meiner at noko av det som er der er stort sett greit. Men heimesida til Samnanger kommune er ikkje spesielt god.
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Selskapskontroll. Oppfølging av tidlegare saker og forvaltningsrevisjonar.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Frå administrasjonen si side så opplever ein at det er noko knappe fristar på tilbakemeldingar på revisjonane. Samhandlinga med revisor oppfattas frå KUV si side som godt. Det oppleves som positivt at dei er tilstade på møta i KUV, for då kan ein stilla spørsmål direkte i møtet.
11	Korleis fungerer arbeidet med plan	Det fungerer bra slik det er i dag.

	for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Dette fungerer godt. Nestleiar ønskjer å være kopimottakar på epost som går til utvalsleiar.
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	Det er få henvendingar KUV får frå innbgarane. KUV er ikkje eit klageorgan, og slike henvendingar vert avvist.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstreккеleg ressursar til opplæring.	Viktig at KUV får delta på dei folkevaldopplæringane som er i regi av sekretariatet. Ja ,det må settast av tilstrekkelege ressursar til opplæring.
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	Ja bør få delta der, om det er anledning. Og Ja det er viktig at dette og vert tatt opp i folkevaldopplæringa i kommunestyret.
16	Anna	Frå rådmannen. Viktig at KUV held budsjetta som er satt.

Vedtak:

Resultatet av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Samnanger kommune i valperioden 2015 – 2019 vert å leggja fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023.

PS 41/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 42/19 Konkurransetutting av revisjonstenester for Samnanger kommune - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Revisor var ikkje til stades ved handsaming av denne saka

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31, nr. 2.

Kontrollutvalet hadde gjennomgang av konkurransegrunlaget i møtet. Sekretariatet orienterte kort om konkurransegrunlaget for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Framlegg til konkurransegrunlag, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunlaget før det vert sendt ut.

PS 43/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt under referatsakene.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

PS 44/19 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 07.10.2019

Handsaming i møtet:

Bjørkheim eigedom og sameiet Bjørkheim Terrasse.

Assisterande rådmann sit i styret saman med ordførar i sameiet Bjørkheim Terrasse. Kva er kommunen si interesse i dette selskapet og har kommunen eigarandeler i selskapet.

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering om saka frå ordførar og rådmann til møtet 02.12.2019.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Bjørkheim eigedom og sameiet Bjørkheim Terrasse.

Kontrollutvalet ber om ei orientering om saka frå ordførar og rådmann til møtet 02.12.2019.